

STILLINGSLEPP 2021

NESTE DATO FOR STILLINGSLEPP: 25. AUGUST

(Det er mogleg å registrere stillingar allereie no, på <https://arbeid.vest-telemark.no>)

Kva for stillingar?

Alle! Det einaste kravet er at søknadsfrist er etter 25. august

Det kan vere alt frå heile, faste stillingar til vikariat og sesongbaserte jobbar. Og kanskje har du ikkje ei konkret stilling, men du har arbeid dersom riktig person søker? Flott!

Og det beste av alt: det kostar ingenting å bli med på dette!

Kvifor stillingslepp?

Dette er ein god måte å profilere Vest-Telemark på. Vi ynskjer at fleire skal finne draumejobben i Vest-Telemark. Ved å sleppe fleire stillingar samla, synleggjer vi den breidda som finst i arbeidsmarknaden i regionen vår. Eit anna viktig mål er å nå folk i etableringsfasa – her er jobb til begge!

Praktisk

Verksemdene bør kartleggje kva stillingar som kan vere aktuelle å ta med, og starte arbeidet med å førebu tekst til sjølvstillingstext. På nettsida over ligg eit skriv med tips og råd om kva ein må hugse på når ein skal lyse ut stillingar og tilsette nye folk.

I perioden fram til 23. august er det registrering av stillingar som er viktig. Sjølvstillingstext vil vere enkel og praktisk, med vanlig info knytt til type stilling, tittel, arbeidsstad, stillingstekst og kvalifikasjonar. Alle som legg inn stillingar vil ha tilgang til å redigere informasjonen. Vest-Telemarkrådet vil kvalitetssikre alt før publisering.

Frå 25. august er det marknadsføring av alle stillingane som er i fokus. Det vil bli målretta marknadsføring på nett og i sosiale medier.

Bli med!

Vi håpar at mange ser potensialet i å marknadsføre ledige stillingar i regionen på denne måten. Har du spørsmål eller lurar på noko, ikkje nøl med å ta kontakt med utviklingsleiar Johannes Rindal i Vest-Telemarkrådet på 41440928 / jr@vt-radet.no